



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Ungdomshuset Haukly, Bjørke  
**Dato:** 18.10.2018  
**Tid:** 16:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margrete Bjerkvik	MEDL	KRF
Brynhild Lund Notøy	MEDL	V

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Dan Helge Bjørneset	Margrete Bjerkvik	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann/Prosjektleiar for nye Volda

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 39/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 40/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 41/18	<b>ØKONOMIRAPPORT NYE VOLDA - SEPTEMBER 2018</b>
PS 42/18	<b>Anskaffingsprosess for ny grafisk profil</b>
PS 43/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 41/18	<b>Nye Volda - Lokalisering av administrative kontorarbeidsplassar</b>
OS 42/18	<b>Statusoppdatering om nytt slagord</b>
OS 43/18	<b>Statusoppdatering frå temakomiteen for heraldikk</b>
OS 44/18	<b>Statusoppdatering for temakomiteen for kulturbygging</b>

## **PS 39/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling:

Ingen merknadar.

#### Sakliste:

Eldar Engelund med ønske om å diskutere sak om reiseliv på slutten av møtet. Saka vart seinare utsett til neste møte på grunn av tidskapasitet.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste samrøystes vedteken.

## **PS 40/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad med etterlysing av oppfølging av sak PS 28/18 der Volda kommune vart beden om å oppnemne rekkjefølgje på vara til valstyret. Saka vert teken med tilbake til administrasjonen som legg fram varaliste ved neste høve.

### **Røysting:**

Protokollen frå møtte møte samrøystes vedteken.

## **PS 41/18 ØKONOMIRAPPORT NYE VOLDA - SEPTEMBER 2018**

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 18.10.2018**

Økonomirapport september for Nye Volda vert teke til vitende

### **Administrasjonen si tilråding:**

Økonomirapport september for Nye Volda vert teke til vitende.

## **PS 42/18 Anskaffingsprosess for ny grafisk profil**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda ønskte å få meir detaljar rundt i kor stor grad nye Volda kommune kan medverke det endelege produktet og få svar på kva ein kan forvente for prisen som har blitt gitt før ein tek endeleg avgjersle om prosessen med anskaffing.

Leiar Stig Olav Lødemel med følgjande framlegg:

*«Fellesnemnda utset saka til neste møte.»*

**Røysting:**

Det var 9 røysteføre.

Lødemel sitt framlegg til nytt vedtak: 9 røyster.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak: 0 røyster og fall.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 18.10.2018**

Fellesnemnda utset saka til neste møte.

**Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda tek prosessen for anskaffing av ny grafisk profil til vitende.**

**PS 43/18 Orienteringssaker**

**OS 41/18 Nye Volda - Lokalisering av administrative kontorarbeidsplassar**

Prosjektleiar Rune Sjugard heldt ein presentasjon for fellesnemnda som var basert på eit notat om lokalisering av administrasjonen i den nye kommunen. Dette notatet er gjenstand for drøfting, før det skal endeleg handsamast i Fellesnemnda på eit seinare tidspunkt.

**OS 42/18 Statusoppdatering om nytt slagord**

Kommunikasjonsrådgjevaren orienterte om at det har kome inn 30 forslag, og av desse har det blitt plukka ut 6 kandidatar som kan røystast over. Ein ser at – ut ifrå innbyggjartal – at det har vore lite oppslutnad rundt konkurransen. Det kan derfor vere aktuelt å avlyse konkurransen for å ta ein ny runde ved eit seinare høve der ein jobbar fram eit slagord med litt andre prosessar.

**OS 43/18 Statusoppdatering frå temakomiteen for heraldikk**

**Handsaming:**

På vegne av Temakomiteen for heraldikk la Odd A. Folkestad fram eit utkast på det nye ordførarkjedet så langt komiteen har kome til no. Temakomiteen tek sikte på å leggje fram eit endeleg forslag til møtet i Fellesnemnda 6. desember.

**OS 44/18 Statusoppdatering for temakomiteen for kulturbygging**

På grunn av tidskapasitet vart denne orienteringssaka utsett til neste møte 1. november.

